



Barfot Media

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
27.02.2015	Lin Tove Thomassen	14/3359 - 4	

Søknad om bruk av kommunevåpen

Viser til søknad om å nytta kommunevåpen i produksjon av pathtags.

I formannskapet 19. februar vart det vedteke at søknaden ikkje vart imøtekomen.

Vedlagt følgjer vedtak.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing
Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Andre mottakarar:

Barfot Media

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2015	Formannskapet i Radøy	PS	19.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	14/3359	15/1546

Søknad om bruk av kommunevåpen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barfot Media får ikkje løyve til å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Barfot Media har i brev datert 9. desember søkt kommunane om å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags. Målet er å lage pathtags med kommunevåpen frå heile landet. Dei planlegg å ha ein utsalsstad p.r. kommune.

Ein pathtag er ein mynt med same storleik som ein 10 kroning, med kommunevåpen på den eine sida. På baksida står ein kode slik at samlarar kan registrere mynten på internett.

Barfot media ønskjer å bidra til marknadsføring av det lokale reiselivet og er avhengig av at dei fleste kommunane er positive til søknaden.

Kommunevåpen og flagg er primært kjenneteikn og symbol for utøving av offentleg mynde, og det er kommunestyret som vedtek bruksreglane. Kommunen har einerett til å bruka våpenet og ingen andre enn kommunen kan bruka våpenet som sine eigne merke eller for å kjenneteikna seg eller verksemda si.

Frå Kommunenes Sentralforbund føreligg det normalreglement og ein fyldig rettleiar med kommentarar til kommunane sine bruk av våpen og flagg. I desse er også eventuelt løyve til bruk i kommersielle samanhengar godt omtalt og slik kommersialisering vert sett på som betenkeleg.

Radøy kommunestyre har vedtatt normalreglementet for bruk av kommunevåpenet i møte 7. april 1994 der det heiter i § 2.2 at bruk av våpenet på suvenirar eller andre gjenstandar ikkje er tillatt utan særskilt løyve frå formannskapet.

Vurdering

Kommunevåpenet er eit kjenneteikn og identifikasjonsmerke for Radøy kommune, og rådmannen ser det som uheldig om dette skal utviklast i meir kommersiell retning i privat regi. Kommunen bør

framleis ha full styring med bruken av kommunevåpenet slik at ikkje våpenet sin funksjon som eit særleg kjenneteikn for offentleg mynde vert svekka.

Det vil vere mogleg å lage pathtags og marknadsføre det lokale reiselivet utan at kommunevåpenet er avbilda på mynten.

Konklusjon

Radøy kommune gjev ikkje Barfot Media løyve til å nytta kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Formannskapet i Radøy - 013/2015

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Barfot Media får ikkje løyve til å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Vedlegg:

Søknad om bruk av kommunevåpen

Utskrift av møtebok - bruk av kommunevåpenet (L)(92768)